

Nimedalslager

NUMEDØLEN



Desember 2017



numedalslaget i oslo

Råkåfiskfesten 2018 – festtaler Even Tråen om ljåsmiing

Råkåfiskfesten 2018 er på Røa Samfunnshus (Austlivn. 4, like ved Røa T-banestasjon) laurdag 27. januar kl. 18.30 og er i følgje statistikken den 99. i rekka.

På menyen står som vanleg råkåfisk frå Bjornesfjorden, lefsekling frå Veggli, mandelpotet og anna godt.

Even Tråen har skrive bok om om ljåsmiing i Numedal etter eit langvarig innsamlingsarbeid. I samtid var ljåsmedane talrike og verdsatte, men ettersom tida gjekk vart denne historia gløymt.

Boka har eit historisk oversyn der ein kan lesa om jarnhistoria både i Numedal og elles. Tråen ser der på overgangen mellom tynsleljåen og den nyare slipeljåen. Han er innom opplysningsstida og "Det Kongelige selskap til Norges vel" sitt strev for å gjera tilhøva lettare for folk. Også industrimiljøet på Kongsberg blir sett i samband med ljåsmiinga.

Vidare i boka får ljåsmedane i Numedal si omtale. Desse ljåsmedane viser seg å vera rett talrike og hadde stor produksjon med kundar vidt omkring. Og sidan ljåsmedane også smia knivblad, er det tatt med noko og knivmakeriet og sølvsmedane og gjørtlarane som laga knivane. Sølvsmehistoria i Numedal er like ukjent som ljåsmiinga, så eit blikk også på den historia har ålmen interesse langt utanom Numedal.

Det blir som vanleg variert dansemusikk på Råkåfiskfesten, denne gongen med Solvår og Terje.

Inngang: Medlemmer kr 450, ikkje-medl. kr 500.

Påmelding innan 24. januar til: 97 75 40 18 (Bjørg), 66 80 64 32 (Ragnhild) eller e-post til rilanderud@gmail.com. Vær venleg å melde på i god og respekter påmeldingsfristen!

Vi vil sette opp buss frå Numedal. Ta kontakt med Ottar for bestilling av buss (32 74 62 16 eller 92 09 52 36).



numedalslaget i oslo

Innkalling til årsmøte i Numedalslaget i Oslo 5. mars 2018

Styret kallar med dette inn til årsmøte mandag 5. mars kl. 19.30 i Nordahl Brunsqt. 22 (lagsrommet i kjellaren).

Saksliste:

1. Opning
2. Val av ordstyrar, referent og to til å skrive under protokollen
3. Godkjenning av innkalling og saksliste
4. Årsmelding 2017
5. Rekneskap 2017
6. Medlemspengar for 2019
7. Innkomne framlegg
8. Val

Framlegg må vera styret i hende seinast 20. februar 2018.



Det var som vanleg flott fisk å få på Råkåfiskfesten og eit fint deka bord.

Foto: Svein Aasen.



Medlemspengar for 2018

Til dei som vi veit ikkje brukar nettbank har vi lagt ved ein giro som kan brukast til å betale medlemspengane for 2018. Medlemspengane er:

Kr. 350,- for vaksne over 26 år

Kr. 150,- for born/vaksne 14 - 25 år

Kr. 50,- for born under 14 år

Kr. 175,- for bi-medlemskap (hovudmedlem i eit anna NU-lag)

Medlemspengane skal betalast til kontonummer: 0530 19 32474. Betal helst innan 15. april 2018.



Øystein Morten var festtalar på Råkfiskfesten i januar 2017. Foto: Svein Aasen.



numedalslaget i oslo

Referat frå årsmøtet 2017

Tilstades: Nils Øyvind Bergset, Ragnhild Landerud, Bjørg Undebakke, Kjersti Aasen, Svein Aasen.

1. Opning

Nils Øyvind Bergset opna møtet og ønskte velkommen.

2. Konstituering

Nils Øyvind Bergset blei valt til møteleiar, Ragnhild Landerud til referent, Kjersti Aasen og Svein Aasen til å skrive under protokollen.

3. Godkjenning av innkalling og saksliste

Det var ingen kommentarar til innkalling/saksliste.

4. Årsmelding 2016

Årsmelding 2016, som også omfatter Folkedansgruppa og Numedalshytta blei lese opp av Nils Øyvind Bergset.

Årsmeldinga blei godkjend etter eit par endringar.

5. Rekneskap.

Svein Aasen (kasserar) gjekk gjennom rekneskapen for 2016, underteikna av kasserar og revisor 28.02.2017. Rekneskapen for 2016 blei godkjend.

6. Medlemspengar 2018

Inga endring (vaksne:kr.350,- , barn/vaksne 14-25 år: kr.150,- , barn under 14 år: kr.50,- , bimedlemmar (hovudmedlem i eit anna NU-lag): kr.175,-)

7. Innkomne framlegg.

Ingen innkomne framlegg



numedalslaget i oslo

8.Valg

Årsmøtet gjekk til val på forslaga frå valkomiteen, leia av Bjørg Undebakke.

Styremedlemmar: Nils Øyvind Bergset og Ragnhild Landerud tok attval, periode 2 år. Kenneth de Gala tok ikkje attval. Bjørg Undebakke blei valt, periode 2 år.

Varamedlem: Tormod Haug blei valt, periode 1 år

Hyttestyret: Tormod Haug, Levor Traaen og Walborg Tuft tok attval, periode 2 år.

Hedersmerke/Fortjenestemerke: Levor Traaen og Svein Aasen tok attval, periode 2 år

Lotterifond: Nils Øyvind Bergset og Knut Kjønaas tok attval, periode 2 år.

Revisor: Aasmund Flo tok attval, periode 1 år.

Valkomite: Bjørg Undebakke, Kjersti Aasen og Ragnhild Landerud tok attval, periode 1 år.

Det blei bestemt at Kjersti Aasen og Svein Aasen er utsendingar til årsmøtet i BLS 27. mars 2017. Nils Øyvind Bergset er varamann. Svein Aasen deltar på landsmøtet i NU 22.-23. april 2017.



Solvår og Terje spelte til dans på Råkåfiskfesten. Foto: Svein Aasen.



numedalslaget i oslo

Årsmelding 2016

Styret

Styret sidan årsmøtet i 2016:

Kasserar: Svein Aasen

Styremedlemmer: Ragnhild Landerud, Nils Øyvind Bergset, Kjersti Aasen og Kenneth de Gala

Varamedlem: Bjørg Undebakke

Laget hadde ingen formell leiar i meldingsåret.

Svein Aasen var kontaktperson til BLS og NU. Han er og medlem i Folkedansnemnda i BLS. Svein Aasen og Kjersti Aasen deltok på leiarmøter i BLS. Nils Øyvind Bergset og Svein Aasen deltok på årsmøtet i BLS.

Laget har hatt eit hyttestyre, ei nemnd for hedersmerke/fortjenestemerke og eit styre i Lotterifondet.

I meldingsåret hadde laget 27 medlemmar. Av desse er 3 bimedlemmar (hovudmedlem i eit anna lag i NU/BLS). Laget har 6 æresmedlemmar: Reidun Kjønaas, Knut Kjønaas, Jørjan Strysse, Levor Traaen, Gunnar Ulbåsen og Svein Aasen. Laget har 1 livsvarig medlemskap: Valborg Dyrnes.

I meldingsåret var det 2 styremøter. Styret har dessutan halde kontakt via e-post.

Årsmøtet var 7. mars og 5 medlemmer møtte opp.

Laget nyttar heimesidene på nettet til å informere om aktiviteten og reklamere for arrangement. Folkedansaktiviteten har også ei eiga sida på Facebook. Lagsavisa "Numedølen" kom ut med eitt nummer (desember).



numedalslaget i oslo

Råkåfiskfest 30. januar

Festen vart halden på Røa Samfunnshus.

Det var 61 personar til bords, av desse var 44 fullt betalande.

Attåt fisken var det som vanleg både kling, mandelpotet, lauk og rømme. Festen blei leia av Lars Peder Larsgaard. Even Tråen snakka om det Numedalske paradoks. Musikken stod VÅKK for (Vidar, Åsmund, Kjell og Kjell).

Lagshytta

Hyttestyret for 2016 var: Sigrid Prestmoen Talleraas, Walborg Tuft, Tormod Haug og Levor J. Traaen, sistnevnte har fungert som formann.

Det vises til fyldig årsberetningen for 2015 over tiltak som bør gjøres 2016.

Det ble oppfordret til å avsette en dag til hyttetur/ dugnad på hytta, primært på forsommeren, eller på høstparten, men heller ikke dette lot seg gjennomføre.

Hva som ble utført i 2016:

Vedrørende inntegning av hyttas eiendomsgrenser gnr. 114/38 på Bærum kommunes matrikkelkart, har nå kommunen gjort og uten kostnader for laget. Det bemerkes at Numedalslagets 2 nabohytter med felles grenser, var fra før inntegnet på matrikkel kartet, de hadde heller ikke koordinatmålte grensepunkter. Hvis det senere bli krav om det må kostnadene fordeles på de andre berørte parter. Det bemerkes at det er hyttas tinglyste skylddelingsberetning datert 17.10.1942 som fortsatt gjelder.

Hva som bør gjøres i 2017:

Håper i løpet av sommeren at vi igjen kan få til en felles hytte-/dugnadstur på hytta



numedalslaget i oslo

Som nevnt i årsberetningen for 2015 er det behov for dugnad med å få rydde rundt hytta og stien fra veien fram til hytta. Likeledes bør hytta og plattingen få ett eller to strøk med beis.

Folkedansaktiviteten

Det var 18 ordinære øvingskveldar gjennom året, fordelt på 10 i vårsemesteret og 8 i haustsemesteret. Nils Øyvind Bergset var instruktør på øvingskveldane våre. Når han var borte var Kjersti Aasen instruktør. Kenneth de Gala spelar fast på øvingane. Tor Inge Bue spelte på ei øving og Johanne Flottorp på tre øvingar.

Totalt sett var det 95 frammøter på øvingane, 3 mindre enn året før. I tillegg kjem spelemann og instruktør. 17 ulike møtte fram. Av desse var det 5 guitar og 12 jenter. Gjennomsnittleg oppmøte var 5,28 personar per øving. Det minste tal frammøtte på ei øving var 4, og det meste var 8.

Folkedansgruppa er med og arrangerar Folkedanskveld to gonger i året. Då steiker vi vaflar og kokar kaffi i Nordahls Brunsgate 22 for eit dansande publikum. Vi tar og nokre gangar- og springarsteg i eit mikrokurs i pauza.

Fleire av dei som var med på øvingskveldane er aktive kappdansarar. Dette gjeld Nils Øyvind Bergset, Marit Måge, Svein Aasen, Kjersti Aasen, Arna Desser, Svein Are Vatnehol og Rita Sirirud Strandbakke. Par frå Numedalslaget var med på Markenskappleik på Kongsberg, Lanskappleik på Vågå, Landsfestival i Gaupne og Oslokappleik.

Vi prøver å stille lag i lagdans på kappleik så ofte vi kan og då stiller vi gjerne saman med par frå Numedal Spel- og dansarlag. På Lanskappleiken vart vi upremiert sidan det var ei forsøksordning kor berre den beste tredjedelen vart rangert. På Hilmestemnet blei vi nummer 4 av 6 lag.

Dansarar frå laget var med på framsyningar på Råkåfiskfesten i januar og på folkemusikkmesse i Rollag stavkyrkje.



numedalslaget i oslo

I september var også heile BLS-fellesskapet med å arrangerte Kulturnatt i Oslo. Det var mellom anna bygdedansfest og kursing av dei som kom innom på eit arrangement som fyldte Nordahl Brunsgate til langt på natt.



Jon Låte fra Bygdelagskoret Blåne bidrog med eit dikt under middagen.
Foto: Svein Aasen.



Nils Øyvind Bergset leia Råkåfiskfesten i 2017. Foto: Svein Aasen.



numedalslaget i oslo

Tillitsvalde 2017

Styret:		Tlf.
Kasserar:	Svein Aasen Haugerudhagan, 58, 0673 Oslo e-post: svein.aasen@multiconsult.no	48 29 99 81
Styremedlem mer:	Ragnhild Landerud Kongeveien 45, 1412 Sofiemyr e-post: rilanderud@gmail.com	45 01 91 36
	Nils Øyvind Bergset Otto Ruges vei 35 B, 1361 ØSTERÅS e-post: niloberg@online.no	41 63 95 67
	Kjersti Aasen Erlendsvei 48, 0669 Oslo e-post: aasenkjersti@gmail.com	98 06 21 65
	Bjørg Undebakke Fallanveien 30 B, 0495 Oslo e-post: bjorg.tora.undebakke@gmail.com	97 75 40 18
Varamedl.:	Tormod Haug Borgentoppen 72, 1388 BORGEN e-post: tormod.s.haug@gmail.com	908 54 279
Hyttestyre:	Levor Traaen Tillesløkka 13, 1349 Rykkinn e-post: levorj@hotmail.com	67 13 47 19
	Walborg Tuft Havreveien 9, 0686 Oslo	93 26 23 56



numedalslaget i oslo

e-post: wutuft@gmail.com

Sigrid Prestmoen Talleraas 90 01 99 70

Kittelsensvei 72, 1415 Oppegård

e-post: sigrid.talleraas@hotmail.com

Tormod Haug 908 54 279

Revisor: **Aasmund Flo** 91 62 78 71

Fallanveien 30 B, 0495 Oslo

Hedersmerke/

Fortjenestemerke **Svein Aasen** 48 29 99 81

Levor Traaen 67 13 47 19

Lotterifond: **Walborg Tuft** 93 26 23 56

Knut Kjønaas 41 33 42 00

Sundstredet 126, 1531 MOSS

e-mail: k.kjonaas@rybeltron.no

Nils Øyvind Bergset 41 63 95 67

Valkomite: **Ragnhild Landerud**

Kjersti Aasen

Bjørg Undebakke



Bygdedans frå Numedal våren 2018

15. januar
29. januar
12. februar
26. februar
12. mars
9. april
23. april
14. mai
4. juni
18. juni

Desse mandagskveldane er det kurs/øving i bygdedans frå Numedal i Blåsalen i Nordahl Bruns gt. 22. Vi startar klokka 19.30, og ønskjer velkommen til gamle kjende og til den som vil prøve seg på ein ny dans.

Instruktør: Nils Øyvind Bergset
Spelemann: Kenneth de Gala

Kursavgift:
250,- for medlemmer
350,- for ikkjemedlemmer
40,- per enkeltkveld

Ved spørsmål kontakt Nils Øyvind Bergset: 416 39 567.

Kurset er støtta av Studieforbundet Kultur og Tradisjon.

www.numedalslaget.no



numedalslaget i oslo

Folkedanskveldar vinteren og våren 2018

Dato	Teknisk arrangør / Gruppe/spelemannslag	Minikurs
Januar '18		
07.	Numedalslaget / Brødrene Kjorstad	Springleik
14.	Hordaringen / Fanteladdene	Folketango
21.	SF-ringen / Eiker spelemannslag	Bingsjø
28.	Symra / Bærum spelemannslag	Stildans
Februar '18		
04.	??????/ Fanteladdene	Hallingspringar
11.	Hordaringen / Østerdølene	Rørospols
18.	??????/ Elise med venner	?????
Mars '18		
04.	Hallinglaget / De Frilynde	???????
11.	Symra / Bærum spelemannslag	Springar frå N. Sunnmøre
18.	SF-ringen / Steinsgårdskroken	Bodapolska
April '18		
08.	?????? / Farande Fant	???????
15.	SF-ringen / Tonje og Stein Magne	Bingsjø
22.	???? / Dølalæte	?????
29.	???? / Sofienberg spelemannslag???	Nordlandspols??
Mai '18		
06.	Symra / Symradern og Att og fram	Stildans
13	Hordaringen / Østerdølene	Finnskogspols
17.	Folkedansnemnda / De Frilynde	
27.	Hordaringen / Buskspel m/dans / ???	???????

Følg med på www.bls.no for oppdatert oversikt.



numedalslaget i oslo

Støtt Numedalslaget gjennom grasrotandelen

Numedalslaget i Oslo er nå registrert i Frivillighetsregisteret. Dette betyr at du også kan støtte laget gjennom grasrotandelen til Norsk Tipping.


Be kommisjonæren registrere organisasjonsnummeret: 995 067 781.



Folkedansgruppa hadde juleavslutning 18. desember med servering av fruktkake og kaffe. Det blei delt ut kursbevis til dei som hadde delteke på meir enn 75 % av kveldane. Foto: Nils Øyvind Bergset.



numedalslaget i oslo



Avsender: Numedalslaget i Oslo, Nordahl
Brunsgt. 22, 0165 OSLO

Medlemsfordelar i Numedalslaget og Noregs Ungdomslag

- 20 % rabatt på Comfort Hotel Saga, Tromsø.
- 10% rabatt på BAR-prisar (beste tilgjengeleg pris) på Hotel Bondeheimen i Oslo.
- 20 % rabatt på Det Norske Teatret i Oslo.
- Rabatt på eit utval Kaffistover.
- NU har avtale med Nordic Choice-kjeden. For å få rabatt, må du då gå direkte på www.nordicchoicehotels.no/ og skriv inn i feltet *kampanjekode*: 66457 det vil då kome opp prisar merka *idrett*. (20%) rabatt.